

# Styremøte Vikedal Bygdahus



## Møtereferat 23.04.25

Desse møtte: Vagleik Bakkedal, Erlend Nesheim, Ina Helmers, Nils Erik  
Desse møtte ikkje: Asle Øverland, Tone Helen H. Halleraker, Håkon Bakkedal

Sak	Agenda	Kommentar	Ansvar
10/25	Gjennomgang av handlingsplan	Gjennomgang av status på punkta i handlingsplanen for restansar. Mykje er gjennomført. Kioskvindu må sjekkast, Erlend tek kontakt med Monter Suldal. Kanskje dei vil sponse?	Alle EN
11/25	Innkjøp av golvvaskemasin	Styret diskuterte om det kan vera aktuelt for Vindafjord kommune å kjøpe inn ein slik maskin i lag. Me tek kontakt med reinhaldsleiar og høyrer.	NEE
12/25	Rekneskap 2024	Revisorrapport/godkjenning (årsmøtesak). Ikkje fått rapporten enda. Kasserar sjekkar opp med revisorane. Me følgjer dette opp på neste styremøte.	AØ
13/25	Drifts Team	Teamet har hatt ein god start. Maling til huset er bestilt. Akrylmaling er billigare så me slår til på den. Styret bestiller maling og oppdaterer leiar for DriftsTeamet.	NEE
14/25	Inngangsparti ved Kyrkjehølen	Kummelokk ved inngang baksida idr.hall er laust. Dette må utbetrast, og truleg trengs det ein ny toppring. Slik den er nå kan i verste fall nokon falle nedi. Styret tek kontakt med kommunen og ber om tiltak.  Videre framdrift baksida hall, som framover skal brukast som inngang for VIL og skule m.fl (skytterlag).  Be Håkon om å grafse og planere, leggje på grus før 17. mai.  Kva med å lage til garasje til klyppar i skuret på sørsida av garderobebygget? Isolere og ordne til dør. Støype gulv. Dette frigjer plass til lager til VIL. Dette kostar, er det noko kommunen kan ta? Styret tek kontakt. Rydding kan VBH gjera.	NEE NEE NEE NEE
15/25	Låsesystem	Nøklar er på villspor. Har igjen vært ulåst i hall etter aktivitet på kveldstid. Styret diskuterte om det kan vera aktuelt med innkjøp av dørhandtak med kodelås (også kjøkkeninngang)? Kopla opp mot nettet. App? Høyre med Vikedal Treningssenter om kva system dei har?	IH

<b>Sak</b>	<b>Agenda</b>	<b>Kommentar</b>	<b>Ansvar</b>
		Det er mange lag og org som har nøklar. Me må samle inn og be alle om å gå inn inngang sør. Få lista av Reidar og sende skriv om at dei skal levere inn. På neste møte sit styret og tek i mot og kvitterar at nøklar blir levert inn. Det er ingen andre enn styret og leiar for DriftsTeam som skal ha nøkkel. Sende ut skriv om inngangsparti til idrettslag og skyttarlag og pistolklubb m.fl.  Neste møte blir 14. mai kl. 19.00.	VB  NEE
16/25	Vedtekter	Gjennomgang, førebu dette som sak til årsmøtet i 2026. Det er mange punkt som må endrast – det er vanskeleg å oppnå alt slik dei er nå. Kva må feks gjerast med representantskap vs styret mm?  Me sjekkar om det er mogleg «trimma» vedtektene og gjera dei mindre kompliserte. Sjekk med kulturdepartementet. Det er ikkje vits å ha vedtekter som ein ikkje klarar å følgje.  Denne saka vil styret jobbe fortløpande med fram mot neste årsmøte.	NEE  Styret
17/25	Fasadearbeidet	Status og vidare arbeid blei diskutert. Det har skjedd veldig mykje sidan sist styremøte. Det var eit godt val å leige inn vaskefirma, no er maling i gong og me er i rute til 17. mai.  Skilt, transport til Suldal og lakkering, farge mm. Kvite bokstavar er bestemt.	Styret  IH
18/25	Sponsor	Status på sponsorarbeidet blei diskutert.  Styret må sende faktura for to år då det ikkje blei fakturert for 2024. Nils Erik har dialog med Asle. Me sender faktura for 2024 og 2025 og fornyar avtalane, ikkje gløym FUS bhg. Eventuelt nye sponsorar må me sjå på framover.	NEE AØ
19/25	Gardiner foajé	Gjennomgang av tilbod ang gardiner i foaje frå Møbelringen Etne v/Rita Kristine Åker.  Meld tilbake om det kan vera aktuelt med sponsorskilt som ein del av betalingen. 5 årsavtale til ein kostnad på 15 000 kr.	NEE
20/25	Ymse	Påskepuben, ca 350 stk, noko som er bra. Skår i gleden var at eit toalett blei øydelagd. Halleraker har reparert. Oppfølging e-post frå Vikedal Rootsfestival – Ina svarer. "Spleis" ala Sandeid samf.hus? Ja, me prøver oss.	IH IH

Neste møte: 14. mai kl. 19.00

27.04.25

Nils Erik Eide